

NotatDato: 28.04.2017
Arkivsak: 2017/3558-2
Saksbehandlar: silfoyn

Til: Jan Nordø

Frå: Silje Øvrebø Foyen

Kulturminnefagleg fråsegn - Solheimsdalen kraftverk - søknad om konsesjon - Tysnes kommune - høring

Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Kulturminnefagleg vurdering

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i Solheimsdalen i Tysnes kommune. Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte i oktober 2008 ei synfaring i samband med vurdering av konsesjonsplikt for elvekraftverk i Solheimsdalen. Synfaringa vart utført saman med tiltakshavar og grunneigar Hermod Singelstad. Trase for røyrgata og området for kraftstasjon vart undersøkt. Det vart ikkje sett synlege automatisk freda kulturminne langs røyrgatetrase eller i området for kraftstasjon. Det vart undersøkt med jordbor og det vart ikkje påvist trekol eller andre indikasjonar på førhistorisk aktivitet. Det var vurdert at det ikkje var naudsynt med ei vidare markundersøking i området for røyrgata og kraftstasjonen.

Røyrgata skal gå gjennom eit ope kulturlandskap med rydningsrøyser og steingardar som er viktige historieforteljande element i landskapet. Det er og registrert ei eldre bygdeveg i det aktuelle området. Kulturlandskapet må integrerast i prosjektet slik at tiltaket ikkje gjer skade på kulturminna. Desse kulturminna er viktige strukturar til å forstå det gamle jordbrukslandskapet. Vi har tidlegare uttalt at det må takast omsyn til desse kulturminna og at planlagd tiltak vert utført så skånsamt som mogleg for kulturlandskapet. I konsesjonssøknaden står det at det skal takast omsyn til kulturminne under detaljplanlegging og utføring av anlegget, ved å gå utanom kulturminna.

Planlagd nedgrave røyrgate og ny veg inn til kraftstasjon vil verke negativt inn på kulturlandskapet. For å redusere dei negative verknadene stillar Fylkeskonservatoren krav om avbøtande tiltak.

- Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vere ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.
- Opparbeiding av ny veg må utførast skånsamt i terrenget og ikkje komme i konflikt med kulturminne i landskapet. Ny veg bør unngå å komme i konflikt med den gamle bygdevegen. Det bør ikkje gravast ut massar frå kulturmarka og det bør leggest stadeigen jord i vegskulder.

Sidan planlagd kraftstasjon vert liggande i eit heilskapleg kulturmiljø ber Fylkeskonservatoren om at det vert sikra god terrengtilpassing og at farge og materialbruk på bygning ikkje verkar skjemmande på kulturmiljøet.

Fylkeskonservatoren gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn, svarte trekolhaldige jordlag eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om funn.